

Aurland kommune

Reguleringsplan for Flåm

Planleggingsprogram



Oppdragsnr.: 5160650 Dokumentnr.: 001 Versjon: B03
2016-04-05

Oppdragsgjevar: Aurland kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson: Jan Olav Møller
Rådgjevar: Norconsult AS, Dalavegen 25, NO-6856 Sogndal
Oppdragsleiar: Johannes-Henrik Myrmel
Fagansvarleg: Arne Kringlen
Andre nøkkelpersonar: Torbjørn Sivertsen

B03	2016-04-05	Revidert etter handsaming i PUT	AKR	JOHM	
B02	2016-03-21	For gjennomgåing hjå oppdragsgjevar. (Dokumentet er ferdig ihht. oppdragsavtale)	AKR	JOHM	
A01	2016-02-24	Til intern bruk – disposisjon og innhald i dei ulike kapittel.	JOHM		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Sammandrag

Norconsult AS har på oppdrag frå Aurland kommune utarbeidd planleggingsprogram for Flåm.

Planleggingsprogrammet skal skissere dei viktigaste utfordringane. Viktige element i planleggingsprogrammet;

- skildring av dagens situasjon,
- definering av viktige problemstillingar/fokusområder som planarbeidet reiser, og
- program for gjennomføring av planarbeidet.

Formålet med planleggingsprogrammet er å etablere eit felles kunnskapsgrunnlag som vert lagt til grunn for varsel om oppstart av arbeidet og seinare ved utarbeiding av planframlegget.

Innhold

1	Innleiing	6
1.1	Formål	6
1.2	Mål	6
1.3	Planområdet	7
1.4	Planleggingsprogram	8
1.5	Tilhøve til andre planer	8
1.6	Verdsarvområdet	8
1.7	Statlege føringar	8
2	Situasjonsskildring	10
2.1	Knutepunkt	10
2.2	Lokalsamfunn	10
2.3	Reiselivet	10
2.4	Utfordringsbilete	11
3	Utvikling av plankonsept	13
3.1	Kommunikasjonar	13
3.2	Reisemålsutviklinga	13
3.3	Fastbuande	14
3.4	Tilrådd konsept	14
4	Status for aktuelle plantema	15
4.1	Landskap	15
4.2	Naturmangfald	16
4.3	Nærmiljø og friluftsliv	17
4.4	Kulturmiljø	18
4.5	Naturressursar	18
4.6	Samfunnstryggleik	19
4.7	Samfunn	19
5	Medverknad og framdrift	20
5.1	Arbeidsverkstad	20
5.2	Planframlegget	21

1 Innleiing

Aurland kommune skal utarbeide reguleringsplan (områderegulering) for Flåm sentrum. Flåm sentrum er regulert i dag, men det er ein mosaikk av reguleringsplanar frå 1989 til 2009. Kommunen har gjennom utgreiingar, analyser og planarbeid signalisert at tilrettelegging for ei positiv utvikling i Flåm er ei viktig oppgåve. Dei overordna rammene er trekt opp gjennom kommunale planer verneplaner/verneforskrifter og forvaltningsplaner.

Flåm er ein storskala reiselivdestinasjon med fjorden som primærattraksjon og flåmsbana som sekundærattraksjon. Flåm er eit knutepunkt mellom veg, jernbane og båt og samtidig eit lokalsamfunn for vel 400 fastbuande med post og butikk. Sist men ikkje minst er det store naturverdiar i området. Flåmselva er nasjonalt laksevassdrag. Flåm er ein viktig innfallsport til verdsarvområde.

Historisk er namnet Flåm knytt til eit område lenger oppe i dalen, ved kyrkja og skulen. Område nede ved sjøen heiter Fretheim, men er no mest kjent under namnet Flåm.



Figur 1: Kor ligg Flåm.

1.1 Formål

Kommunen ynskjer gjennom områdereguleringa å erstatte ei rekke detaljplanar frå ulike tidsrom, med ein heilskapleg områdeplan for dei mest sentrale områda på turistdestinasjonen Flåm. Føremål er i hovudsak å løyse dei trafikale utfordringane, sikre utbyggingsområde for næring og sikre tilgjengelege areal for både innbyggjarane og dei besøkande.

1.2 Mål

Gjennom langsiktig planlegging og samarbeid/koordinering, skal det skapast ein økonomisk og miljømessig berekraftig destinasjon.


Følgjande delmål for utvikling:

- Funksjonsfordeling på området som er lett å lese
- Konsentrert knutepunkt ved eksisterande anlegg
- Avklart arealbruk med utviklingsmoglegheiter
- God tilgjenge, men med bilfri kjerne

- Utgangspunkt for aktiviteter og attraksjoner
- Berekraftig energibruk
- Robust utbyggingsstruktur og arkitektur- bygg, rom og gater
- Omsyn til landskapet

1.3 Planområdet

Flåm er ei bygd i Aurland kommune som ligg innerst i Aurlandsfjorden. Hamneområdet i Flåm er ei utfylt flate etablert med masser frå bygginga av Gudvangatunnelen. Plangrensa er vist i figur 2 og omfattar dei sentrale turistområda ved hamna, hotellet og jernbanestasjonen. Område nord for elva med friområde, private bustader og fotballbane er også inkludert, saman med eit areal langs elva på begge sider opp til og med områda som er sett av til næring sør for E16; Orøyane og langs Brekkevegen.



Figur 2: Kart med oversikt over arealbruken i kommuneplanen og plangrensa for områdeplanen. Kjelde Aurland kommune.

1.4 Planleggingsprogram

Planleggingsprogrammet skisserer dei viktigaste utfordringane i planarbeidet, på bakgrunn av føreliggande registreringar, analyser, grunnlagsmateriale, rådgjevar sin kjennskap til området og føringar for planarbeidet.

Formålet med planleggingsprogrammet er å etablere eit felles kunnskapsgrunnlag og forståing av utfordringane. Planleggingsprogrammet vert lagt på høyring saman med varsel om oppstart av planarbeidet. Innbyggjarane og andre offentlege og private interesser får i høyringa høve til å ta stilling til grunnlaget for planarbeidet og korleis det skal gjennomførast. Innspel til høyringa vert oppsummerte og lagt til grunn for eventuelle justeringar før planleggingsprogrammet vert handsama politisk og lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

1.5 Tilhøve til andre planer

Områderegulering av Flåm er ikkje nemnt som prioritert plan i planstrategien frå 2012, men prioritert tema i næringsarbeidet til kommunen. Både omsynet til heilårs reiseliv og cruisekai er trekt fram og aktuelle tema i områderegulering av Flåm.

I arealdelen av kommuneplanen er planområdet for områdeplan Flåm vist som «Område som er unntatte frå rettsverknad fordi tidlegare vedteken plan framleis skal gjelda». Området er ein mosaikk av små reguleringsplanar frå ulike tider. Ny områdeplan vil erstatte desse.

Næringsplanen frå 2014 tek for seg ei rekke satsingsområde. Det mest relevante tema for områdeplan Flåm gjeld strategiar innafør fokusområdet «besøk» som er:

- Nærøyfjorden verdsarvpark som verktøy
- Heilårsverksemd i reiselivet
- Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning
- Visit Sognefjord som verktøy

1.6 Verdsarvområdet

Nærøyfjorden står på UNESCO-lista over verda sin kultur og naturarv – som eit Vestnorsk fjordlandskap. Området strekkjer seg heilt inn til Flåm i sjøen, men planområdet på land ligg ikkje innafør.

1.7 Statlege føringar

Områdeplan i Flåm vedkjem særskilt to sentrale planretningsliner:

- 1994 rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag- Flåmselvi vart verna gjennom verneplan i 1986. Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag gjeld for (1) vassdragsbeltet, dvs. hovudelvar, sideelvarar, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inn til 100 meters breidde langs elvar og (2) andre delar av nedbørsfeltet som det er fagleg dokumentert at har betydning for vassdraget sin verneverdi. Vassdragsbeltet vert delt inn i forvaltningsklassar. Gjennom kommuneplana kan det fastsettast forvaltningsklassar. Dette er ikkje gjort, men det er teke utgangspunkt i at planområdet er ligg i klasse 1. Av forvaltningskriteria for klasse 1 i retningslinene går det fram at inngrep som er til skade for pedagogisk verdi, friluftsverdiar, herunder fiske og framkomme i og langs vassstrengen, eller opplevingsverdiar bør unngåast

- 2011 statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Retningslinjene følger opp den nye plan- og bygningsloven, der byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen er videreført og strammet inn. Målet er å ivareta allmennhetens interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. I 100-metersbeltet skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Retningslinjene deler kysten inn i 3 område, der Sogn og fjordane ligg i den minst strenge sona.

2 Situasjonsskildring

Planområdet består av område for samferdsel med vegar, jernbane, kaier og parkeringsplassar og bygningar knytt til drifta av området som knutepunkt i eit storskala reiselivsprodukt.

2.1 Knutepunkt

Naturressursane, fjorden, ferdslvegane over fjellet og utviklinga dei siste 100 åra med Flåmsbana og utbygging av stamvegen mellom aust og vest, har gjort Flåm til eit sentralt knutepunkt for storskala turisme.

Flåm er i dag trafikkknutepunkt mellom jernbanen, vegen og fjorden. E16 går gjennom Flåm. Toga kjem frå Oslo og Bergen (via Myrdal), båtar går i rute til og frå Bergen og Gudvangen. Bussrutene går til og frå Bergen, Sogndal og Lillehammer med korrespondanse til m.a. Oslo. Omfanget av turistar som kjem til Flåm med turistbussar ser ut til å auke. Talet enkeltreisande med privatbil er også stort. Om sommaren og hausten kjem mange til Flåm på sykkel etter å ha sykla Rallarvegen.

2.2 Lokalsamfunn

Flåm er også eit lokalsamfunn med fastbuande, post og butikk. Det er mange arbeidsplassar knytt til reiselivet, med overnattingsverksemdar (hotell, utleige av leilegheiter og rom, vandrarheim, hytter og campingplass), butikkar, museum, matservering og tilbod om aktivitetar for tilreisande både på sjø og land. Det er aktiv gardsdrift side om side med turismen. Det er sommaren som er den tida på året med flest besøkande til Flåm og næringslivet har store sesongvariasjonar.

2.3 Reiselivet

Økonomi - kvart år legg turistar att nærare 150 millionar kroner i Flåm. Flåm Utvikling står for ca. 60 millionar. Kjelde: Aurland Sogelag, Noralv Distad.

Cruise - i 2015 vart det registrert ca 130 båtanløp. I 2016 er det planlagt ca 170 båtanløp. Det er kapasiteten på Flåmsbana som avgrensar kor mange skip som kan vere i Flåm samtidig. Ikkje alle får plass ved kaien. I 2013 låg i overkant av 50 skip for anker. Kjelde Aurland Hamn.

Flåmsbana - årleg reiser kring 700 000 passasjerar med Flåmsbana. Frå april til oktober er bana sin kapasitet på dagtid fullt utnytta med 10 togpar i kvar retning (ca 5000 reisande). I vinterhalvåret vert det køyrt 4 togpar på bana. For å kunne køyre fleire tog i sommarhalvåret er det naudsynt med store investeringar. Det er likevel mogleg med fleire passasjerar ved å spreie trafikken betre på dei avgangane som vert køyrt og ved å marknadsføre den spesielle opplevinga det er å reise med bana også vinterstid. Kjelde: Jernbaneverket.

Rallarvegen – årleg sykklar om lag 20 000 Rallarvegen i sesongen frå slutten av juli og ut oktober.

Overnattingskapasitet –Det er ei rekke andre overnattingsstilbod Flåm. Dei mest sentrale for det aktuelle planområdet er: Fretheim hotel med 122 rom i ulike kategoriar, Flåmsbrygga, Flåm marina &apartments og Flåm camping med ulike kategoriar overnattingsstilbod.

Sysselsette i reiselivsnæringa – i 2014 var det 114 sysselsette i overnattings og serveringsverksemdar i Aurland kommune. Vi har ikkje opplysningar om kor mange av desse som har sin arbeidsplass innafor det aktuelle planområdet. Kjelde SSB



Figur 3: Ortofoto med tekst på reiselivsfunksjonane i planområdet.

2.4 Utfordringsbilete

Flåm er eit reisemål i seg sjølv, men også i stor grad eit knutepunkt for skifte av reisemåte på veg til andre opplevingar. Flåm er ein av dei store destinasjonane i Norge og spelar slik sett ei viktig nasjonal rolle, særskilt i utvikling av fjordane som reisemål. Flåm er eit lite lokalsamfunn (vel 400 fastbuande) som skal handtere ein straum av turistar med over 5000 besøkjande pr dag i høgsesongen. Det seier seg sjølv at infrastrukturen som skal til for å handtere denne straumen må dimensjonast i høve turiststraumen i sesong. Variasjonane mellom sesongar gjer at både behovet for arbeidskraft og infrastrukturen må vere tilpassa slik at den fungerer med stor variasjon over året.

For at ein så stor destinasjon skal kunne utvikle seg i eit lite lokalsamfunn, må forholdet mellom storskala destinasjon og småskala samfunn vere avklart. Ein reguleringsplan skal leggje føringar for å utvikle ein effektiv arealbruk som er intuitiv å forhalde seg til både for besøkjande og innbyggjarar. Utfordringa er å ta vare på kvalitetane som har vore og er grunnlaget for statusen som reisemål og verdsarvområde, samtidig som utviklingsarbeid skal medverke til ei positiv utvikling av lokalsamfunnet. I sum skal dette vere med å byggje opp om Flåm som bu-, arbeids- og besøksstad (reisemål).

For å få dette til må den turistretta delen av Flåm fungere optimalt (hamneområdet, stasjonen, hotellet og parkeringsplassane). Planområdet femnar om dette området og reguleringsarbeidet må rettast inn

mot å få den sentrale delen av destinasjonen til å fungere optimalt på det arealet ein har tilgjengeleg. Andre styringsverktøy enn reguleringsplanen må brukast for styring, fordeling og eventuelt avgrensing av turiststraumane til Flåm. Dette handlar om vurdering av tålegrenser, organisering og prising/avgifter.

3 Utvikling av plankonsept

Det er viktig i plan- og utviklingsarbeidet i Flåm å ta vare på kvalitetane som har vore og er grunnlaget for statusen som reisemål og verdsarvområde, og samstundes leggje til rette for ei balansert utvikling for reiselivsnæringa og lokalsamfunnet. Arealbruken må sikre balansen i forholdet mellom volum og tettleik. Flåm har eit tydeleg utgangspunkt for dette arbeidet:

- Attraktivt reiselivsmål
 - Tilknytning til verdsarvområdet
 - Kontakt med fjord og fjell
- Kvalitetar som destinasjon
 - Utforming av bygningar og uteområde
 - Organisering av området
- Naturgejevne avgrensingar
 - Rasfare
 - Flaumsoner
 - Sterk vind

Ei framtidsretta løysing for arealbruk vil krevje samordning av fleire omsyn: 1) Kommunikasjon 2) Reiselivsnæringa 3) Fastbuande. Omsyna er avhengige av kvarandre i utvikling av konsept. Under har vi skildra kva som er meint med dei forskjellige omsyna.

3.1 Kommunikasjonar

Under er ulike grupper besøkande lista opp, dei fleste byter mellom reisemiddel i Flåm. Med utgangspunkt i eksisterande situasjon og vurdering av framtidig vokster, er det trong for å kartleggje kva behov dei ulike gruppene har for samband, parkering og service innanfor planområdet. Vidare kan det vise seg naudsynt å prioritere mellom ulike grupper når det gjeld arealbruk og nærleik til viktige tenester og tilbod.

- Cruiseturistar
- Togturistar
- Sykkelturistar
- Bussturistar
- Reisande med privatbil
- Fastbuande, i bil, på sykkel eller som gåande

3.2 Reisemålsutviklinga

Forskjellige næringsverksemdar retta mot reisande skal finne sin plass innanfor planområdet. Krav til lokalisering, arealbehov, romleg organisering og spesielle driftsomsyn er mellom dei tema som vert utgreidd. Truleg vil ein måtte prioritere kva for næringsaktivitet som er avhengig av lokalisering nærast turisttrafikken. I tillegg til storleik på bygningar og uteareal omfattar vurderingane krav til samanhengande areal på bakkeplan, orientering av inngangar, varelevering/ driftsinngangar, mogleg etasjetal etc:

- Overnatting (ulike kategoriar)
- Servering (ulike kategoriar)
- Butikkar
- Tenester for reisande; (billettsal, toalett, venterom, bagasjeoppbevaring)
- Opplevingstilbod (båtturar, fotturar, kurs)

3.3 Fastbuande

I kjerneområdet må det etablerast eit avklart forhold mellom det lokalsamfunnet og reiselivsknutepunktet. Kjerneområdet er ein viktig arbeids- og marknadsplass for lokalsamfunnet og deler av området er friområde med lokal verdi. Tilgjengelege marknadsområde for lokale produkt innan mat og oppleving må sikrast. Området bør kunne utviklast meir i retning av ein heilårsdestinasjon, som sikrar meir stabile arbeidsplassar som igjen kan sikre lokal busetjing.

- Avklart forhold mellom lokalsamfunnet og reiselivsområde
- Sikre tilgang for lokale produkt innan mat og oppleving
- Avklare bruken av felles friområde mot sjøen

3.4 Tiltrådd konsept

Tiltrådd konsept vil vere er ei samstilling av dei ulike omsyna som rører seg i planarbeidet. Mål for planarbeidet, føreliggande analyser og arbeidsverkstad er grunnlag for utvikling av plankonsept. Konseptet vil illustrere rammene for den fysiske utforminga og vil vere sentralt for innhaldet i sentrumsplanen. Dersom det er motsetnader mellom ulike omsyn, skal målsetjinga for planarbeidet danne grunnlag for ei tilråding/ prioritering.

4 Status for aktuelle plantema

I sak 004/16 i utval for plan og utvikling er det lista opp ei rekke generelle tema som kan vere aktuelle i planarbeidet:

- Barn og unge
- Funksjonshemma og eldre
- Universell utforming
- Jordvern- og landbruksfag
- Biologisk mangfald
- Kulturlandskap og kulturminne - bygningsmiljø
- Strandsone, sjø og vassdrag
- Miljøvern faglege vurderingar
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Kommunikasjon, veg og vegteknisk
- Trafikktryggleik
- Kommunaltekniske anlegg
- Stadutvikling
- Klima og energi
- Folkehelse

Det er også nemnt statlege planretningsliner og særlover som er aktuelle for planarbeidet:

- Barn og unge sine interesser
- Verna vassdrag
- Samordna areal og transportplanlegging
- Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Verknadane av planen vert beskrive for dei av desse tema som er vedtaksrelevante, i eigen planomtale til områdereguleringa. Under har vi lista opp status for dei mest aktuelle tema i planområdet.

4.1 Landskap

Det er gjort ei inndeling av Norge i landskapsregionar. (NIJOS-rapport 10/2005). Flåm ligg i regionen «indre bygder på vestlandet». Planområdet er lokalisert i Flåmsdalen og er omgitt av høge fjell i aust og vest. Flåmsdalen er eit godt eksempel på vestnorske fjorddalar med dramatiske fjell, dalar, fossar og juv. Planområdet ligg på flata ved fjorden og eit stykke opp langs elva. Fretheimshaugane er eit tydelege skilje i dalen mellom hamneområdet og det historiske Flåm sentrum med kyrkja og skulen. I landskapsanalysen (Nærøyfjorden verdsarvområde, Masterkurs i strategisk landskapsplanlegging NMBU 2014) er Fretheimshaugane beskrive som ei landskapsform med stor verdi.




Figur 4: Landskapet i Flåm. Kjelde: Google maps.

4.2 Naturmangfald

I gjennomgang av nasjonale databasar for naturmiljø har vi funne ein prioritert naturtype, «rester av elvedelta» innafor planområdet (grøn skravering i kartet under). Mesteparten av deltaet er nedbygd, men her ligg det att eit lite brakkvatn med kantvegetasjon. Verdien er sett til «viktig».

Grensa for Nærøyfjorden landskapsvernområdet går eit stykke opp i dalsida, 300-500 meter unna planområdet. Flåmselvi (blå strek i kartet markerer nedbørsfeltet) er verna vassdrag og fjorden er Nasjonalt laksefjord. Fjordarealet av planområdet ligg innafor området for Nærøyfjorden verdsarvområde.



Figur 5: Kart over naturtypen "rester av elvedelta" og grensa for verna vassdrag «Flåmselvi». Kjelde: Fylkesatlas Sogn og fjordane.

I tabellen underer viktige kvalitetar oppsummert. Informasjonen er henta frå Rådgivende Biologer AS si konsekvensutgreiing av Flytekai i Flåm, dater 13 desember 2013.

AKVATISKE RØDLISTEARTER

Det er ikke observert elvemusling (rødlitestatus truet=EN) i Flåmselva, og elvemuslingens status i Sogn og Fjordane er for øvrig godt dokumentert (Kålås 2012). Det er observert ål (rødlitestatus kritisk truet=CR) ved elektrofiske i vassdraget, og det er sannsynlig at ål også utnytter de elvenære områdene i Aurlandsfjorden for næringsøk. Rødlisterarter har stor verdi.

VIKTIGE LOKALITETER, GYTE-, OPPVEKST- OG VANDRINGSTILFORHOLD

Elven har en anadrom elvestrekning på 4,8 km opp til Leinafoss, med et areal på 142.000 m². Det er flere store gyteområder for laks i de øvre deler av elven, mens sjøauren i større grad gyter på områdene lenger ned i elven. Gode oppvekstområder i hele elven gir en samlet smoltproduksjon for sjøaure og laks på mellom 12.000 og 17.000 smolt årlig. Viktige lokaliteter har stor verdi.

FISK OG FERSKVANNSBIOLOGI

Ungfiskundersøkelser på 1990-tallet og årlig i perioden 2001- 2006 viste at det er god produksjon av laks og sjøaureunger i elven, men at årsklassene av laks varierer relativt mye mellom år. Temperaturen ved første fødeopptak ("swim-up") og tettheten av lakseegg er de avgjørende faktorene for hvor sterk årsklassene av laks blir. År med svak lakserekuttering gir normalt bedre overlevelse av aure, slik at bæreevnen for smoltproduksjon blir nådd de fleste år. Fisk og ferskvannsbiologi har stor verdi.

4.3 Nærmiljø og friluftsliv

Det ligg fleire tilrettelagde grøntområde innafor planområdet. Eit område på sørsida av elva aust for matvarebutikken. Her er det anlagt plen og sett opp eit leikestativ. Rett over elva på nordsida ligg eit større område ned mot fjorden som er registrert som eit lokalt viktig friluftsområde (FRIDA)- Slusastøi. I følge opplysningar frå kommunen er dette eit viktig område for lokalbefolkninga. Lenger vest på

nordsida av elva ligg ei fotballbane med grusdekke. Denne var i aktiv bruk fram til flaumen i 2014, men har i ettertid vore nytta som mellombels lagringsareal. I dette området ligg det også eit bustadmiljø.



Figur 6. Viktige område for Nærmiljø og friluftsliv.

Bak Fretheim hotel ligg også ein naturpark med opparbeidde stiar. Det er usikkert kor mykje denne er i bruk av lokalbefolkninga, men den er mykje brukt av tilreisande.

4.4 Kulturmiljø

Det er ikkje registrert kulturminner i planområdet som er freda. Ut frå fylkesatlas finn vi at det ikkje er registrert meldepliktige SEFRAK bygg innafor planområdet. Det er registrert ein kyrkjestad lokalitet innafor planområdet «Fretheim kyrkjestad». Det vert oppretta kontakt med fylkeskommunen for å avklare status for denne registreringa.



Figur 7: Registrert "Fretheim kyrkjestad". Kjelde: Fylkesatlas.

4.5 Naturressursar

AR 5 kart viser at planområdet omfattar noko fulldyrka areal vest for Brekkevegen. Utover dette er heile planområdet opparbeidd trafikkareal, byggeområde bustad/næring eller friområde. Ressursane knytt til laks og sjøaure vert handtert under tema naturmiljø.

4.6 Samfunnstryggleik

Ved utarbeiding av planer, skal ein vurdere om areal er utsett for farar eller representerer farar for omgjevnadene.

I plan- og bygningslova er det i § 4-3 innarbeidd krav om risiko- og sårbarheitsanalyse som skal følgje reguleringsplan ved utarbeiding av arealplaner. Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøva som har innverknad på om området er eigna for utbygging.

Deler av planområdet i nord ligg innafor aktsemdområdet for jord og flomskred, snø og steinsprang frå dalsidene. Flåmselvi er også utsett for flom (Flomskred) og dette vert utgreidd i eigen ROS analyse som er under utarbeiding.


4.7 Samfunn

Eit storskala reiselivsområde i eit lite lokalsamfunn gjev utfordringar. Dette planarbeidet handlar om å reindyrke planområdet til å fungere best mogleg for dei tilreisande og sikre eit avklart forhold til lokalsamfunnet. For lokalsamfunnet er den sentrale delen i fyrste rekke ein arbeidsplass og ein stad å kunne tilby lokale produkt. Gjennomstrøyminga av besøkande er svært stor og dette gjev potensiale for lokal verdiskaping, men ein avgrensa moglegheit for lokalsamfunnsutvikling/og tenester innanfor sjølve området. Verknadane av denne utviklinga vert å beskrive nærmare i planomtalen til områdereguleringa.

5 Medverknad og framdrift

Planleggingsprogrammet vert lagt ut på offentlig høyring i 6 veker. Det vart halde ein arbeidsverkstad med sentrale aktørar innafor planområdet og kommunen sitt planutval. Deretter vert det utarbeidd framlegg til områderegulering som etter politisk handsaming vert lagt ut på høyring i 6 veker før slutthandsaming.

Diagrammet nedanfor syner korleis planarbeidet er delt inn i fasar og framdrift.



5.1 Arbeidsverkstad

Det er sett av ein dag til arbeidsverkstad som skal sikre involvering frå planutvalet og sentrale aktørar i Flåm. Resultatet frå verkstaden vert saman med anna grunnlagsmateriale, lagt til grunn for utviklinga av eit plankonsept, som deretter vert lagt til grunn for sjølve reguleringa.

5.2 Planframlegget

Gjennom planarbeidet vert det utarbeidd:

- Utviklingskonsept gjennom prosess, der eit viktig siktemål er å ta vidare dei pågåande diskusjonane for å unngå at drøftingane skal følgje fastsette/fastlåste spor
- Områdereguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-2 i plan- og bygningslova
- Planomtale som klargjer mål prinsipp og planen sine vesentlege konsekvensar i høve til miljø, samfunn og rørte partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova
- Til planen skal det følgje ei risiko- og sårbarheitsanalyse som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova